

Til alle medlemmar i Grotli Hytteforeining og Veglag.

Vi takkar for eit godt og konstruktivt årsmøte med god møteleiing.

Styret ynskjer å gje ei kort orientering til sine medlemmar om kva som har endra seg etter årsmøtet den 21. september 2019.

Nytt etter årsmøtet:

1) Under det konstituerande møtet til nytt styre på Grotli 5. oktober 2019, vart det referert melding frå den valde styreleiaren Knut Åsebø om at han trekkjer seg som styreleiar, og dermed også som medlem av styret.

2) Tor Bruland gav ved starten av styremøtet 05.10.19 melding om at han også trekkjer seg som medlem av styret. Han ønskte likevel å vere til stades på møtet som observatør, noko han fekk høve til.

3) Hans Skamsar har sagt opp som kasserar og rekneskapsansvarlig. Dåverande styreleiar Knut Åsebø vart informert om dette, samt at Skamsar seinare har stadfesta dette i e-post til Lars Kveen datert 10.10.2019.

4) Bjarne Strand (vald som vararepresentant) har også gjeve melding om at han trekkjer seg som vararepresentant til styret. Dette er bekrefte på e-post.

5) Jon Erik Skei har sagt frå seg styringa av heimesida til foreininga. Sjå innlegg frå han på nettsida, <http://grotlihytteforeining.no>.

Med bakgrunn i hendingane ovanfor, har styret gjort følgjande vedtak (referat frå styremøtet vert lagt ut på heimesida så snart ein får ordna tilgang):

1) Lars Kveen er vald som midlertidig leiar av styret fram til neste årsmøte.

2) Linn Mari Skjelkvåle Marsteintrædet er vald som sekretær for styret. Ho vil også ta ansvar for oppdatering og ha redaktøransvar for heimesida til foreininga.

3) Styret v/midlertidig styreleiar arbeider med å engasjere kasserar for foreininga og veglaget.

Det er gjort muntleg avtale med Bjørn Nordli om rekneskapsførsel og kasserarfunksjon. Endeleg avtale er ikkje underteikna.

4) Styret har også iverksett arbeid med å oppdatere nødvendige endringar i Brønnøysundregisteret og einingsregisteret med bakgrunn i endringane som har funne stad både for Grotli Hytteforeining og Grotli Veglag (to ulike org.nr.)

5) Orientering om brøyting: Mesta har vore på synfaring i hyttefeltet og er positive til å ta på seg arbeidet med vårbrøyting.

For Styret,

*Lars Kveen
Midlertidig styreleiar*